

Hordaland fylkeskommune

hfk@hfk.no

Knarvik, 13. mai 2016

Nasjonal transportplan 2018-2029 – innspel / prioriteringar frå Regionrådet i Nordhordland

Me viser til brev datert 6. april 2016 frå Hordaland fylkeskommune med invitasjon til å gje innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029. Her fylgjer innspel frå Regionrådet i Nordhordland.

Regjeringa planlegg å leggja fram stortingsmeldinga om Nasjonal Transportplan våren 2017. Ferjefri E39 er eitt av satsingsområda i arbeidet med transportplanen. Stortinget har som ambisjon å binda Vestlandet saman gjennom ein opprusta og ferjefri E39 innan 2035.

E39 frå Bergen nord til grensa til Sogn og Fjordane har i dag den dårligaste standarden på heile E39. Strekninga har mange ulukker og fartsgrensene vert stadig sett ned. Ei kraftig opprusting av denne strekninga er tvingande nødvendig og må koma i gong snarast. Dette er eit prosjekt som har stor samfunnsøkonomisk lønnsemd, vil betre samfunnstryggleiken og gje ein samanhengande standard / utbygging, noko som er tre viktige kriteria i NTP. Regionrådet i Nordhordland si prioritering er:

1. E39 Bergen nord – Klauvaneset, Nordhordlandstunnelen

Det viktigaste prosjektet for Nordhordland har i svært lang tid vore å få realisert ny trase for E39 mellom Bergen nord og Klauvaneset ved å få på plass Nordhordlandstunnelen (tidlegare kalla Nyborgtunnelen). Nordhordlandstunnelen er spydspissen i Nordhordlandspakken AS og samfunnsøkonomisk eit av dei beste vegprosjekta i landet.

Bergensalliansen prioriterte Nordhordlandspakken – E39 Bergen-Nordhordland på topp saman med E39 til Os og Sotrasambandet til NTP 2014-2023. Regionrådet er derfor svært skuffa over at dette vegprosjektet no er ute av forslaget til NTP for 2018-2029 etter at det var med i NTP for 2014-2023. Dette er eit prosjekt som må tas inn i NTP for 2018-2029, og må prioriterast for oppstart i første fireårsperiode.

2. E39 Eikefet – Romarheim

Regionrådet ser også at prosjektet E39 Eikefet – Romarheim bru også er ute av forslaget til revidert NTP. Dette prosjektet var med i NTP for 2014-2023. Dette prosjektet må bli prioritert for oppstart i første fireårsperiode i NTP for 2018-2029.

3. E39 - framtidsretta løysing vedr. Knarvik sentrum

4. E39 – Trafikktryggleik inklusiv haldningsarbeid, skred- og rassikring.

E39 Bergen nord – Klauvaneset, Nordhordlandstunnelen

Dette er det viktigaste samferdselsprosjektet for Nordhordland. Eksisterande strekning representerer ein stor flaskehals både for godstrafikken og for alle som pendlar dagleg mellom Nordhordland og Bergen. I Nordhordlandspakken har Nordhordlandstunnelen heile tida vore spydspissen og det viktigaste prosjektet. Fylkestinget har slutta seg til Nordhordlandspakken slik den føreligg no (utan Nordhordlandstunnelen) og den vil bli handsama av Stortinget våren / hausten 2016. Det er derfor svært viktig for regionen å få Nordhordlandstunnelen inn att i ramma for veginvesteringar i ny NTP.

Prosjektet har vore rekna som eit av dei beste samfunnsøkonomiske prosjekta i landet. Prosjektet vil korte inn dagens veg med mange kilometer, og ein vil eliminera køproblematisken som er i dag - og som er aukande på strekninga frå Bergen nord til Nordhordland. Reisetida vil bli kraftig redusert og det vil gje større regularitet i trafikken. Det vil vera med å gje grunnlag for ein effektiv transport med mindre forureining. Prosjektet er også eit miljø- kollektiv prosjekt då ein kjørebane er tiltenkt kollektiv trafikken.

Det er stor trafikk på denne strekninga, og det har vore ein enorm auke sidan Nordhordlandsbrua kom i 1994. Vegen er smal og den har mange påkøyringar. For å betre trafikktryggleiken er det satt opp nokre nye lyskryss som er positivt, men som gjer at trafikken går endå seinare. Framleis er det mange sidevegar som har stygge og vanskelege påkøyringar og som fører til stopp og saktegående trafikk.

Bergen kommune vil utover det som allereie er kome av industri- og handelsbygg på Haukås, kunne få realisert store utbyggingsplanar i dette området når ny veg er på plass. Det er planer om meir industri samt bustadutbygging for 15-20 000 bustadar. Største delen av dette må stilla i bero til ei ny løysing er på plass.

Dette prosjektet vil vera eit av dei beste til å tilfredsstilla dei kriteria som er i NTP til samfunnsøkonomisk lønnsemd, samfunnstryggleik og samanhengande standard / utbygging. Prosjektet er i stor grad tenkt å vera bompengefinansiert. Regionrådet ber derfor om at det vert prioritert igjen.

Vegprosjektet E39 Eikefet – Romarheim

Vegprosjektet E39 Eikefet–Romarheim bru må inn i ramma i endeleg NTP. Vegprosjektet vart godkjent i reguleringsplan den 27.11.2014. Kommunedelplanen var godkjent i 2011. Statens Vegvesen Region Vest hadde planarbeidet og planen vart effektivt handsama og godkjent i Lindås kommune. Noverande veg mellom Eikefet/ Vikanes til Romarheim er den strekninga med dårlegaste standard på E39 i heile Hordaland.

Vegen er ein flaskehals for tunge køyretøy, og mange svingar og dårleg sikt medfører fare for trafikkulykker. Strekninga har mange trange og eldre tunnelar, kurvaturen er dårleg og mange stadar er det er høge skjeringar med stor fare for ras og is-nedfall. Det er laga kostnadsoverslag for prosjektet etter «ANSLAG-metoden». Denne viser ein kostnad på kr 1 254 millionar i 2013-kroner. Prosjektet vil korta inn dagens veg med 2 km.

E39 - framtidsretta løysing vedr. Knarvik sentrum

Det må snarast koma på plass ei framtidsretta løysing når det gjeld E39 gjennom Knarvik sentrum. Ny trase utanfor Knarvik sentrum vert no vurdert og dette må forserast slik at utvikling av regionsenteret Knarvik og oppfylging av områdeplanen kan skje i lys av framtidige løysingar for E39.

E39 – Trafikktryggleik inklusiv haldningsarbeid, skred- og rassikring.

Regionrådet ber om at det i NTP vert sett av nok midlar til trafikksikring av farlege kryss og til skred- og rassikring på strekninga Knarvik –Oppedal. Dette er t.d.:

- Utbetring langs E39 forbi Haugsværvatnet og Haugsværtunet i Masfjorden kommune. Nytt kryss og utbetring av ei vegstrekning på omlag 2 km inkludert gang- / sykkelveg mot Matre. Her ligg det føre godkjent reguleringsplan frå 28.10.2015. Statens Vegvesen var med å finansiera planarbeidet og deltok aktivt i arbeidet med reguleringsplanen. BKK planlegg å byggja ein stor trafostasjon på denne staden, og ein ser for seg at kostnadane med prosjektet kan reduserast frå Statens Vegvesen si side om BKK byggjer ny tilkomstveg langs E39 først. Kostnad stipulert til kr 80 millionar.
- Utbetring av vegkrysset forbi Matre sentrum i Masfjorden kommune. Gjeldande reguleringsplan vart godkjent i 2009, og stadfesta av kommunestyret den 21.06.2012. Her er det regulert eit kanalisert kryss etter vognmalkrava, og med forbetring av både kurvatur og nye gangfelt, samt undergang ved kryssområdet. Kostnad stipulert til kr 30 millionar.
- Vidare ber Regionrådet om at ramma i NTP til programområda for trafikksikring langs E39 som mellom anna går til kryssutbetringar, lys og til mindre gang- og sykkelvegar vert auka. Aktuelle prosjekt å trafikksikringa er t.d. Molvikakrysset / Bjørsvikkrysset ved Ostereidet, lyssetting av Andåskrysset ved Eikefettunnelen og andre utbetringar som t.d. krysset ved Trodalen nord for Matre m.v. I Gulen kommune er det eit farleg krabbefelt på E39 i stigninga sør for Instefjorden som bør trafikksikrast. Alle desse prosjekta er viktige trafikksikringstiltak langs E39 i Nordhordland.
- Haldningsarbeid generelt må prioriterast.

Anna

For Osterøy kommune er det viktig med «påkobling» til ny E16 og oppbygging av Arna som regionsenter for Bergensregion aust. T.d. innfartsparkering og tilhøyrande infrastruktur er viktig for å byggja opp under potensialet for naudsynt utvikling av denne delen av regionen.

Sluttkommentar / oppsummering

Regionrådet i Nordhordland har forventningar om at høgaste økonomiske ramme vert lagt til grunn for arbeidet med Nasjonal Transportplan. Vegprosjekta E39 Bergen nord – Klauvaneset, Nordhordlandstunnelen og E39 Eikefet – Romarheim må med i første del av NTP. Løyvingane til fylkesvegane må også aukast.

Knarvik, 13. mai 2016


Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland


Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS